



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 10.05.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge	Sølvi Dimmen	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid PS 83/16- PS 88/16	Gunnar Strøm	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Planleggar, PS 87/16 og OS 77/16
Regine Solberg Aklestad	Planleggar, PS 85/16 og 86/16
Nina Hovden Eidheim	Barn og unge sin repr. i planleggingssaker PS 85/16, 86/16 og 87/16
Kjell Magne Rindal	Konst. teknisk sjef, PS 91/16.
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef, OS 77/16
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, OS 79/16

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 83/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 84/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 85/16	<b>Vedtak av Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016-2028</b>
PS 86/16	<b>Deltaking i prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse"</b>
PS 87/16	<b>Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten - Plan til offentlig ettersyn pbl § 12-10</b>
PS 88/16	<b>Nasjonal transportplan 2018-2029 - Innspel til Statens vegvesen sitt handlingsprogram</b>
PS 89/16	<b>Årsmelding 2015 - Volda kommune</b>
PS 90/16	<b>Rekneskap 2015</b>
PS 91/16	<b>Gjennomføring av energiltak i energispareprosjektet (EPC)</b>
PS 92/16	<b>Orienteringssaker</b>
OS 76/16	<b>Kommunereform</b>
OS 77/16	<b>Rv. 651 Volda ferjekai - Dispensasjon frå reguleringsplan</b>
OS 78/16	<b>Vedkomande søknader om økonomisk støtte</b>
OS 79/16	<b>Inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen</b>

## **PS 83/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknad til innkallinga.

Ordføraren informerte om at valstyret vert innkalla til møte 20. mai kl. 08.30, for å godkjenne valprotokollen for folkerøystinga.

**Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

**PS 84/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte****Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 03.05.2016, vart samrøystes godkjent.

**PS 85/16 Vedtak av Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016-2028****Administrasjonen si tilråding:**

*I medhald av plan- og bygningslova §11-15 vedtek Volda kommunestyre Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 (datert 2.5.2016).*

**Handsaming:**

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte om kommuneplan for Volda, samfunnsdelen 2016-2028.

Barn og unge sin representant i plansaker, Nina Hovden Eidheim, var til stades under handsaminga av saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 10.05.2016 til kommunestyret:**

*I medhald av plan- og bygningslova §11-15 vedtek Volda kommunestyre Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 (datert 2.5.2016).*

**PS 86/16 Deltaking i prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse"****Administrasjonen si tilråding:**

- 1) *Formannskapet har vurdert søknaden om deltaking i prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse" og vurderer det positivt at kommunen deltek i arbeid som kan medverke til ny kunnskap om folkehelse og utvikling av nye metodar for medverknad i planprosessar.*

- 2) *Formannskapet ber rådmannen å nytte egne tilsette til deltaking og gjennomføring av lokale prosjektet, og at aktuelle einingar og friviljuge organisasjonar i kommunen aktivt vert dregne med der dette er mogleg.*
- 3) *Formannskapet føreset at det vert søkt om tilskot til prosjektet i samsvar søknaden slik Helsedirektoratet gir opning for.*
- 4) *Formannskapet ber rådmannen vurdere å nytte ny kunnskap frå prosjektet, i anna plan- og utviklingsarbeid som rettar seg mot tettstadsutvikling eller nærmiljøtiltak i kommunen.*

### **Handsaming:**

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte om saka.

Barn og unge sin representant i plansaker, Nina Hovden Eidheim, var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 10.05.2016:**

1. *Formannskapet har vurdert søknaden om deltaking i prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse" og vurderer det positivt at kommunen deltek i arbeid som kan medverke til ny kunnskap om folkehelse og utvikling av nye metodar for medverknad i planprosessar.*
2. *Formannskapet ber rådmannen å nytte egne tilsette til deltaking og gjennomføring av lokale prosjektet, og at aktuelle einingar og friviljuge organisasjonar i kommunen aktivt vert dregne med der dette er mogleg.*
3. *Formannskapet føreset at det vert søkt om tilskot til prosjektet i samsvar søknaden slik Helsedirektoratet gir opning for.*
4. *Formannskapet ber rådmannen vurdere å nytte ny kunnskap frå prosjektet, i anna plan- og utviklingsarbeid som rettar seg mot tettstadsutvikling eller nærmiljøtiltak i kommunen.*

## **PS 87/16 Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten - Plan til offentlig ettersyn pbl § 12-10**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Reguleringsplan for Urbakkfoten slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 20.04.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*

### **Handsaming:**

Planleggar Per Heltne orienterte om detaljreguleringsplan Urbakkfoten.

Barn og unge sin representant i plansaker, Nina Hovden Eidheim, var til stades under handsaminga av saka.

Erlend Krumsvik fekk permisjon, under delar av orienteringa, frå kl. 13.00 til 13.30.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 10.05.2016:**

*Reguleringsplan for Urbakkfoten slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 20.04.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*

## **PS 88/16 Nasjonal transportplan 2018-2029 - Innspel til Statens vegvesen sitt handlingsprogram**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formanskap vil melde inn følgjande tiltak i høve Statens vegvesen, region midt, sitt arbeid med handlingsprogram i høve NTP 2018-2021 (23):*

- ✓ *Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)*
- ✓ *Gang-sykkelveg Volda-Ørsta*
- ✓ *Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum*
- ✓ *Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,*
- ✓ *Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.*
- ✓ *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
- ✓ *Venterom på Folkestad ferjekai*
- ✓ *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
- ✓ *Voldsfjordkryssing*

## **Handsaming:**

Odd A. Folkestad viste til notat frå Asbjørn Moltudal og bad om at dette vert lagt ved saka.

Formannskapet drøfta saka og det vart gjort slike redaksjonelle endringar:

- I første periode vert følgjande lagt til, *uprioritert rekkefølge*.
- Kulepunkt 5 – Korrespondanse Timeekspresen Volda-Folkestad ~~jf. punktet ovanfor,~~ *med ferjene på Voldsfjorden.*

## **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med redaksjonelle endringar, vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i formannskapet - 10.05.2016:**

*Volda formannskap vil melde inn følgjande tiltak i høve Statens vegvesen, region midt, sitt arbeid med handlingsprogram i høve NTP 2018-2021 (23) (uprioritert rekkefølge):*

- ✓ *Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)*
- ✓ *Gang-sykkelveg Volda-Ørsta*
- ✓ *Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum*
- ✓ *Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,*
- ✓ *Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad med ferjene på Voldsfjorden.*
- ✓ *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
- ✓ *Venterom på Folkestad ferjekai*
- ✓ *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
- ✓ *Voldsfjordkryssing*

Varamedlem Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid gjekk og Gunnar Strøm tok sete.

## **PS 89/16 Årsmelding 2015 - Volda kommune**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Årsmelding 2015 for Volda kommune vert teken til vitende.*

**Handsaming:**

Økonomisjef, Henrik Skovly, orienterte om saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 10.05.2016 til kommunestyret:**

*Årsmelding 2015 for Volda kommune vert teken til vitende.*

**PS 90/16 Rekneskap 2015****Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Årsrekneskapen for 2015 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.*
- 2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2015 på kr 25.397.311 vert avsett til disposisjonsfond.*
- 3. Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2015 vert overførde til 2016.*
- 4. Udisponerte salsinntekter på kr 1.915.816 vert sett av til ubunde investeringsfond.*

**Handsaming:**

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 10.05.2016 til kommunestyret:**

- 1. Årsrekneskapen for 2015 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.*
- 2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2015 på kr 25.397.311 vert avsett til disposisjonsfond.*
- 3. Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2015 vert overførde til 2016.*

4. *Udisponerte salsinntekter på kr 1.915.816 vert sett av til ubunde investeringsfond.*

## **PS 91/16 Gjennomføring av energiltak i energispareprosjektet (EPC)**

### **Administrasjonen si tilråding:**

#### Alternativ A

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Herav vert prosjekt for 5,4 mill lyst ut som eigne prosjekt, medan 50,6 mill utgjer kontrakt med NEE i samsvar med terskelverdien for offentleg innkjøp. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløsning av opsjon i eiga sak.

2. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik finansiering:

<u>Kostnader</u>	
Samla pakke (50,6 + 5,4)	56,0 mill eks mva
<u>Intern oppfølgingskostnader</u>	<u>2,0 mill " "</u>
Sum kostnadsoverslag	58,0 mill " "
<u>Mva av 56 mill</u>	<u>14,0 mill</u>
Sum kostnadsoverslag	72,0 mill inkl mva
Eigenandel	5,9 mill
Tilskot Enova	3,5 mill
Lån	48,6 mill
Mva-komp	14,0 mill
Sum finansiering	72,0 mill

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.
5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert



nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

## Alternativ B

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløyning av opsjon i eiga sak.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.

Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten. Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentlig innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

3. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:

### Kostnader

Samla pakke	56,0 mill eks mva
Tredje etg Aasenbygget (råbygg)	16,0 mill " "
- reduksjon EPC-Aasenbygget	9,0 mill " "
<u>Intern oppfølgingskostnader</u>	<u>2,0 mill " "</u>
Sum kostnadsoverslag	65,0 mill eks mva
<u>Mva av 63 mill</u>	<u>15,8 mill</u>
Sum kostnadsoverslag	80,8 mill inkl mva

### Finansiering

Eigenandel	5,9 mill
Mva-kompensasjon	15,8 mill
Tilskot Enova	3,5 mill
<u>Lån</u>	<u>55,6 mill</u>
Sum finansiering	80,8 mill

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året

anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. eks mva. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

### **Handsaming:**

Rådmannen orienterte. Konst. teknisk sjef Kjell Magne Rindal svara på spørsmål frå formannskapet.

### **Røysting:**

Det vart røysta alternativt mellom Alternativ A og Alternativ B. Alternativ A fekk ei røyst (Margrete Bjerkvik) og fall. Alternativ B fekk åtte røyster og vart vedteke.

### **Tilråding i formannskapet - 10.05.2016 til kommunestyret:**

#### *Alternativ B*

1. *Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.*

*Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.*

2. *Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.*

*Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten.*

*Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.*

*Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.*

3. *EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:*

### Kostnader

<i>Samla pakke</i>	<i>56,0 mill eks mva</i>
<i>Tredje etg Aasenbygget (råbygg)</i>	<i>16,0 mill " "</i>
<i>- reduksjon EPC-Aasenbygget</i>	<i>9,0 mill " "</i>
<i>Intern oppfølgingskostnader</i>	<i>2,0 mill " "</i>
<i>Sum kostnadsoverslag</i>	<i>65,0 mill eks mva</i>
<i>Mva av 63 mill</i>	<i>15,8 mill</i>
<i>Sum kostnadsoverslag</i>	<i>80,8 mill inkl mva</i>

### Finansiering

<i>Eigenandel</i>	<i>5,9 mill</i>
<i>Mva-kompensasjon</i>	<i>15,8 mill</i>
<i>Tilskot Enova</i>	<i>3,5 mill</i>
<i>Lån</i>	<i>55,6 mill</i>
<i>Sum finansiering</i>	<i>80,8 mill</i>

*Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.*

**4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år**

*om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.*

**5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. eks mva. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.**

## **PS 92/16 Orienteringssaker**

### **OS 76/16 Kommunereform**

Ordføraren orienterte om kommunereforma og regionreforma.

Ordføraren delte ut skrevet: *Regionreforma Volda 6.5.2016.*

### **OS 77/16 Rv. 651 Volda ferjekai - Dispensasjon frå reguleringsplan**

Planleggar Per Heltne orienterte om saka. Utviklingsjef Jørgen Vestgarden var til stades under orienteringa.

Odd A. Folkestad reiste slikt spørsmål:

*Kven kan godkjenne ein "ny reguleringsplan?"*

*Emne: Vikeneskaia*

*Volda formannskap viser til K.sak 33/07 der ny reguleringsplan for Vikeneset vart eigengodkjend. - Formannskapet kan ikkje godkjenne at det i det framlagde forslaget er gjort store avvik i høve til reguleringsplanen t.d. vedr aralbruk, talet på biloppstillingsplassar m.m. -Vegvesenet blir difor bedne om å leggje fram eit nytt forslag til løysing der også betra ut-/innkøyring til E39 er medteke, som ein del av det arbeidet som Statens vegvesen no planlegg å gjennomføre.*

Formannskapet drøfta saka. Formannskapet vil få denne saka til handsaming, som politisk sak.

### **OS 78/16 Vedkomande søknader om økonomisk støtte**

Ordføraren og rådmannen orienterte. Formannskapet drøfta saka og var samde om at endring av praksis vedkommande søknader om økonomisk støtte, bør handsamast politisk.

### **OS 79/16 Inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

Møtet slutt 16:30

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
10.05.2016

Sonja Håvik  
konsulent